

**Samtidig som Sjøtroll Havbruk søker om utviding frå 3.120 tonn til 4.680 tonn biomasse utanfor Skorpo i Uskedalen og i Djupevik nord for Løfallstrand kjem selskapet med eit ålvorleg varsel: Det kan mista 90 årsverk i 7 kommunar innan 2012 gjennom den føreslegne Hardangerfjordforskrifta.**

Utvidinga av dei 2 anlegga er tenkt gjennomført ved flytting av tilsvarande biomasse frå Onarheimsfjorden og utviding til 6 ringar ved kvar lokalitet. Det er ikkje nødvendig med konsekvensutgreiing, har fylkeskommunen vedteke.

I ei brei orientering frå Sjøtroll hevder leiinga at tiltaka som blir foreslått med det formål å berga villaksen ikkje kan underbyggjast med sikre forskningsresultat. Sjøtroll krev på si side ein konsekvensutgreiing.

Høringsutkastet til forskrifta er eit forslag til ei historisk stor nedbyggjing av lønnsam verksemd i Noreg, skriv Sjøtroll. I 2009 vart det slakta 105.000 tonn laks og aure produsert i Hardanger. I fjor var slaktevolumet 30 prosent lågare grunna dei nye forskriftane. Forskrifta vil føre til ein reduksjon med ytterlegare 30.000 tonn og det betyr 42.000 tonn i 2014. Det er ein nedgang med 60 prosent samanlikna med nivået i 2009.

For Sjøtroll vil forskrifta føra til ein effektiv reduksjon på 10.000 tonn. Fire anlegg vil kunne bli nedlagt og det betyr tap av 10 arbeidsplassar. ved settefiskanlegg og sjøanlegg blir redusert frå 9 til 3 med tap av 18 arbeidsplassar.

Kvart årsverk i havbruksnæringa bidreg til 1,7 årsverk i annan verksemd, har SINTEF berekna. Sjøtroll meiner at dei allereie innførde forskrifter må få verke over ein lengre periode før nye tiltak bli sette i verk. Ein har enno ikkje sett effekten av tiltaka som ligg i dei eksisterande forskriftene.

Av Ola Matti Mathisen